



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Paal Christopher Breivik, 5557 2024

Vår dato  
14.08.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/11720 632.2  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### **Tildeling av statleg resttilskot for 2018, Hordaland fylkeskommune, opplæring innanfor kriminalomsorga.**

**Kr. 11 328 044,-** blir overført til **Hordaland fylkeskommune**, kontonr. **5201 06 74239** (org.nr 938626367) merka ”Opplæring innanfor kriminalomsorga”.

Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, viser til vårt foreløpige tildelingsbrev av 27. november 2017. 80% av tilskotet (7/12 vår og 5/12 haust) blir utbetalt i inneverande år og dei resterande 20 % av tilskotet blir utbetalt i 2019 etter at reviderte rekneskap for 2018 er mottatt og behandla.

I tråd med avtale mellom staten og kvar enkelt fylkeskommune av 23. juni 1988, og i samsvar med «*Retningslinjer for forvaltning av tilskudd til opplæring innanfor kriminalomsorgen under statsbudsjettet kap. 225 post 68*» og i samarbeid med kriminalomsorga, skal tilskottet nyttast av fylkeskommunen til opplæring innanfor kriminalomsorga.

Endeleg oppgjer for 2018 vil bli gjort når revidert rekneskap for verksemda ligg føre, jfr punkt 1.3. i avtalen. Rekneskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for den tildelte summen, må oppbevarast slik at dei lett kan skaffast fram og etterprøvast.

Fylkesmannen i Hordaland gjer og merksam på at §10 i bevilgningsreglementet gir Departementet, Fylkesmannen og Riksrevisjonen høve til å føra kontroll med at tilskottet blir nytta i samsvar med føresetnadene. Heile tilskottet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje blir nytta i samsvar med tildeling og regelverk jf. bevilgningsreglementet § 10 andre ledd og lov om Riksrevisjonen §12 tredje ledd. Dersom det ved eit mistak skulle vera noko feil i tildelingsbrevet, vil dette bli retta opp ved eit seinare høve.

Med helsing

Anne K. Hjermann  
utdanningsdirektør

Paal Christopher Breivik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*